

Tapte for hedemarkingane

02.08.2010

Rosendal-gutane (gutar 14) med 6 uskedelingar på laget tapte klart for Løten/Nordbygda under Norway Cup no på morgonkvisten.

Det vart 4-0 til hedemarkingane,

Allereie etter vel eit kvarter leia Løten/Nordbygda med 2-0.

To kjempesjansar for Rosendal gav diverre ikkje uttelling. Den eine traff tverrleggaren og spratt ned på strek og den andre var det Sondre Eskeland som stod for.

Målet som gav 3-0 smaka av offside, men i kampar utan linjedommar er det problematisk. Sondre hadde mot slutten av kampen eit frispark like utanfor frå 25 meter og Løten eit stolpeskot. Hedemarkingane la på til 4-0 etter corner.

På pluss-sida for Rosendal må ein leggja til at Bjørn Martin Haugland hadde to kjemperedningar mot slutten av kampen og klart hindra to mål til.

Av Ola Matti Mathisen